



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
017/20	Formannskapet	06.02.2020
038/20	Formannskapet	12.03.2020

Prioritering av tiltak - 100 millionar potten - Førdepakken

Vedlegg i saka:

27.02.2020 Bruk av 100 mill potten., Førdepakken. dat. 27.02.2020 1338751
29.01.2020 Vurdering av forslag til 100 mill potten 1330193

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord formannskap rår til at rapporten Bruk av 100 mill. potten, Førdepakken, datert 27.02.2020 vert lagt ut på høyring i 4 veker.

Behandling i Formannskapet 06.02.2020:

Formannskapet fekk ei orientering om saka og bestilte ei orientering i komande kommunestyremøte.

Olve Grotle (H) fremja eit utsettingsframlegg:
"Saka vert utsett"

Avrøyting:

Grotle sitt utsettingsframlegg vart **samråystes vedteke**

FORM-017/20 Vedtak:

Saka vert utsett.

Behandling i Formannskapet 12.03.2020:

Gunn Merete Paulsen (V) fremja følgande endringsframlegg:
"Rapporten vart lagt ut på høyring i 6 veker."

Avrøyting:

Kommunedirektøren sitt framlegg, saman med Paulsen sitt tillegg vart **samråystes vedteke**

FORM-038/20 Vedtak:

Sunnfjord formannskap rår til at rapporten Bruk av 100 mill. potten, Førdepakken, datert 27.02.2020 vert lagt ut på høyring i 6 veker.

Bakgrunn for saka:

Førdepakken (FP) er eit utbyggingsprosjekt der 3 partar samarbeider. Partane er; Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune. Statens vegvesen er byggherre og organiserer planlegging og utbygging på riks-, fylkes- og kommunevegane. Det er ei styringsgruppe som har ansvaret for å følgje opp utviklinga og tek avgjerd i ulike økonomiske saker som gjeld Førdepakken. Sunnfjord kommunestyre skal handsame denne saka og kome med ei tilråding, medan styringsgruppa i Førdepakken gjer endeleg vedtak om korleis prioriteringane skal vere.

Førdepakken har 20 prioriterte tiltak som det også er knytt finansiering til. Desse tiltaka vert planlagt og gjennomført i tur og orden. Av ulike årsaker skjer ikkje utbygginga strengt etter prioritert rekkefølgje, men det er god kontroll på at det vert gjennomført slik det skal.

Målet med Førdepakken er:

- sikre ein miljøvenleg og stabil trafikksituasjon i Førde
- leggje til rette for fortetting og byutvikling

I Proposisjon til Stortinget 137 S var det i tillegg til dei 20 prioriterte tiltaka også sett av 100 mill. til uspesifiserte sentrumstiltak.

Desse midlane kan ikkje brukast til å dekke inn «overskridningar» i dei ulike tiltaka. Det er ingen salderingspost, men potten gjer det mogleg med fleire mindre tiltak som kan komplettere FP endå betre. Uspesifiserte sentrumstiltak kan vere tiltak som legg betre til rette for opphold og bruk av byen. Det kan vere etablering av byrom og plassar, torg, fortau og sykkelvegar. Nye benkar og sykkelstativ kan også kome under denne kategorien. Tilskot til etablering av fortausløysingar eller bygging av parkeringshus er også mogleg å bruke desse midlane til. Det er dette som er føringane for kva midlane kan brukast til. No er det laga ei liste med over 20 forslag til utbetringar eller nyetableringar for å auke funksjonen og trivsel i sentrumsområdet. Totalbehovet er langt over 100 millionar og det er laga ei prioritering av tiltaka.



Dei ulike forslaga er presentert og vurdert i eit eige notat. Der er dei vurdert kvar for

seg og det er også laga eit kostnadsestimat for dei forslaga som vert med på prioriteringsslista. Kostnadsestimatet er vist som eitt spenn, det vil sei at det er ein usikkerheit på om lag -/+ 40%, der estimatet er kome fram etter Statens vegvesen (SVV) sin anslagsmetode (modifisert utgåve). Denne metoden vert brukt for å kostnadsrekne alle vegprosjekt som SVV har ansvaret for. Ingen av dei prioriterte tiltaka er planlagt eller prosjektert, og grunnlaget for å sette ein kostnad er difor i utgangspunktet svakt. Det er både tids- og kostnadskrevjande å få på plass grunnlag som kan gje oss betre kostnadstal. Kommunedirektøren har difor kome til at det er rett å gje eit kostnadsspenn på kvart forslag. Kostnaden har ikkje vore avgjerande for forslag til prioritering. Derimot har behovet og utfyllande tiltak for å få eit komplett tilbod vore gode grunnar.

Dei øvste tiltaka i den prioritert liste har ein høg grad av sannsyn for å bli realisert, medan dei lågast prioriterte prosjekta vil mest sannsynleg ikkje bli gjennomført. Nokre av tiltaka bør finansierast på annan måte enn med desse midlane, til dømes bør dei med i NTP (nasjonal transportplan) eller små tiltak kan finansierast gjennom trafikktryggingsmidlar frå fylkeskommunen.

Kriterie som står lista opp i Stortingsmeldinga er lagt til grunn for totalvurderinga av tiltaka; *uspesifiserte sentrumstiltak, gang- og sykkelvegar og mindre utbetringar*.

Saksgang:

På møtet i formannskapet 6. februar blei denne saka utsett med bakgrunn i ønske om utlegging av prioriteringsslista for å få fleire innspel. No er saka laga slik at den kan leggast ut på høyring som opnar for innspel innan ein frist. Det vert føreslege at lista vert lagt ut på høyring i 4 veker. Råd for eldre, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet får denne rapporten til uttale. Elles vert høyringa berre annonser i Firda og gjort kjend gjennom www.sunnfjord.kommune.no og Facebook. Det vert opna for å kome med nye forslag.

Saksgangen vert slik at Sunnfjord kommune; formannskap og kommunestyre handsamar rapporten og gir råd til Førdepakken. Styringsgruppa i Førdepakken avgjer korleis den prioriterte rekkefølga skal vere.

Framdrift	
12. mars	Formannskap, vedtak om offentleg høyring
17. mars	Orientering til dei ulike råda
17. mars – 15. april	Offentleg høyring
11. juni	Handsaming formannskapet
18. juni	Handsaming kommunestyret
Juni	Handsaming og vedtak i styringsgruppa Førdepakken


Saksutgreiing:

Det er registrer 20 små og store forslag som fortau, gang- og sykkelvegar, møblering i sentrum, gang- og sykkel bru, parkeringshus mm. Potten er for liten til å kunne realisere alle tiltaka på lista. I sum har tiltakslista ein kostnad mellom 400 og 500 millionar kroner. Potten var 100 mill. i 2012 kroneverdi, som i 2020-kroner har blitt nesten 120 millionar.

Alle tiltaka vert omtala som forslag. Dei har alle ein bokstav som nemning, medan dei vert prioritert med tal. Når vedteken prioriteringsliste er klar, vil prioriteringstalet vere ny nemning.

Presentasjon og vurdering av tiltaka finn de i vedlegget. Det er gjort ei vurdering av forslaga opp mot kvarande og gjort ei prioritering. Det overordna er heile tida tanken på at det skal vere eit sentrumstiltak, samt komplettering der det manglar fortau eller gang- og sykkelveg. Forslag som verkar fremmande på bylivet som torgplass, eller litt møblering mm., er også vurdert høgt. Eitt av måla med FP er mellom anna auke delen av dei som går og syklar. I tillegg skal det også verke stimulerande på byutviklinga.

Forslaga som er vurdert er:



Forslag	Namn på forslag
A	Rv.5 Gang/sykkelbru vestsida ved Storehagen bru
B	Nye vegløysingar på Ytre Øyrane
C	Fv.600 nytt kryss til Vievegen ved Viabrua
D	Parkeringshus/-kjellar
E	Fv. 601 gang- og sykkelbru frå Førdehuset til Hafstadparken
F	Gang og sykkelbru til Halbrendsøyra og sti langs Jølstra
G	Fv. 601 innløysing bensinstasjon i Storehagen
H	Utanfor rådhus
I	Fv. 5684 Fortau langs Tefrevegen
J	Gang- sykkelveg frå Hafstadparken til Hafstad vgs. langs Jølstra
K	Fortau Kyrkevegen frå Hornnesvegen til Langebruvegen
L	Øyrane vgs til Firda billag (tiltak 16 FP) gang- og sykkelløysing over kulverten
M	E39 gang- og sykkelveg Halbrend - Slåttebakkane
N	Hundvebakkegjelet - sikring av syklande og gåande fram til Kyrkevegen
O	Gang- og sykkelveg frå Høgskulen til Angedalsvegen langs sørsida av Anga med bru over.
P	Torg nord og sør for bru Naustøyna - ekstra tilrettelegging
Q	Mindre tiltak og møblering i Førde sentrum
R	Rv.5 Naustdalsvegen - Storehagen bru til Klettatunnelen, oppgradering til sykkelveg med fortau, austsida

S	Rv. 5 gang- og sykkelløysing frå Storehagen bru til rundkj. Øyrane vgs, vestsida
T	Flytte gangfelt i Liavegen i nærleiken av krysset med E39 mm

Vurdering


På Ytre Øyrane er dei i gang med planar om nybygging, utviding i fjorden for å auke industri- og næringsareal. Ein del av verftet vert lokale for Campus og Reodor-klubben, der dette er nye tankar som gjev eit døme på korleis behov for tilkomst endrar seg. Det er forslag om å gje eit tilskot til utbyggingsavtalen for å møte eit rekkjefølgjekrav på å bygge gangveg, sykkelveg og fortau i området. Forslaget får høg prioritering.

Gang og sykkelveg frå Hafstadparken og til Hafstad vidaregåande skule vil vere å legge til rette der ein sti som allereie har etablert seg. Meir naturleg trase finn ein ikkje. Den vil binde saman skulen og Hafstadparken på ein god måte, og for dei som kjem frå Kronborgvegen/Viabrua og skal til Sentrum sør vil denne traseen også vere attraktiv. Den vil vere ei lenke som kompletterer gang- og sykkelvegsystemet her. Vegen er kurrant å opparbeide og vil ha god effekt for mange. Forslaget får høg prioritering.



Sti ved Hafstad vidaregåande skule

I Kyrkjevegen er fortau frå Angedalsvegen til Hornnesvegen med i FP (tiltak 18). Strekninga frå Hornnesvegen forbi kyrkja og vidare mot Langebruvegen er ikkje med i FP. På denne strekninga er det stort behov for tilrettelegging for gåande og syklande. Det er som kjent både skular, store ny-establiserte bustadområde på Falkenstein og Toene. Det er også fleire ulike omsorgsbustader og institusjonar i området. Fortau på denne strekninga er i samsvar med målsettinga om fleire som skal gå og sykle. Det er utfordrande ved Kyrkja med kyrkjegardsmuren på eine sida og Fougnerhola og freda Kirkevollen på andre sida. Vidare nedover er det også mange utfordringar med Hagebyen og Prestebøen som Kyrkjevegen skjærer seg gjennom. Det er mange store tre som ligg tett inntil vegen. Det er likevel viktig å gjere området meir trafikktrygt spesielt for dei gåande. Forslaget får høg prioritering.



Kyrkjevegen og Gamlebanken

Tefrevegen er tilrådd skuleveg for elevar som kjem frå Vie og skal til Slåtten skule. Det er ikkje lagt til rette for mjuke trafikkantar langs med Tefrevegen, og området er tett utbygd og det er behov for ei separering av trafikkant-grupper. Denne vert prioritert høgt.



Tefrevegen

Parkeringsløysingar og parkeringshus har med jamne mellomrom vore på sakskartet dei siste 30 åra. Det har vore sett på ulike løysingar både for ordninga og konkret plassering av parkeringshus, jf. sak 004/20 i Sunnfjord formannskap. Det er fleire ulike p-løysingar på gang, og det vert føreslege at det vert gitt tilskot til p-hus frå denne potten. Styringsgruppa i Førdepakken må forvalte dette og gje tilskot til dei som kjem fyst i gang.

På Indre Øyrane er det regulert gang- og sykkelveg i aksen frå Øyrane og til Naustøyna. Det er ein fin snarveg til Firda billag og til gang- og sykkelvegen som går på sørsida av Løken (del av FP). Dette vil vere ei lenke i eit gang og sykkelssystem som vil vere eit godt tiltak for framtidig Førde vidaregåande skule. Denne er prioritert, men bør vere ein del av skuleutbygginga der det kan vere aktuelt med tilskot frå FP.



Kulverten over Løken

På rv.5; Naustdalsvegen, frå rundkøyringa med E39 til rundkøyringa Øyrane, er det ei rekke utfordringar for køyrande og gåande. I dag er det ikkje tilbod for gåande og syklande på vestsida av Storehagen bru (Førde Torg sida), og fortauet på brua er for smal til å separere gåande og syklande. Dette fører ofte til konflikt mellom syklande og gåande. Traseen er del av hovudsykkelruta i Førde, og det er behov for ei betre løysing. Det er lista opp 3 ulike forslag; separat gang- og sykkelbru vest for Storehagen bru, gang- og sykkelløysing frå Storehagen bru og til rundkøyring ved Øyrane (vestsida) og nye gang- og sykkelløysing på austsida av Naustdalsvegen. Alle desse 3 tiltaka er kompliserte og kostbare. Dei bør spelast inn til NTP (nasjonal transportplan). Det vil ikkje vere nok midlar i potten til å gjennomføre tiltaka. Forslaget får difor låg prioritering.



Naustdalsvegen mot sør

Ved Førdehuset er det ønskje om ei separat gang- og sykkelbru i tillegg til fortau og sykkelveg som kjem på brua frå Hafstadparken til Angedalsvegen. Det er ei føremon for brukarar av Førdehuset/Hafstadparken og dei som kjem på gang- og sykkelveg frå Viabrua (tiltak 10/11 i FP), og skal vidare til målpunkt mellom Førdehuset og Naustdalsvegen (tiltak 16 i FP). Køyrebru som skal etablerast om lag 170 meter lengre sør i elveløpet, skal ha fortau på begge sider og sykkelveg på eine sida av køyrefelta. Ønska gang- og sykkelbru-løysing ved Førdehuset gjer at det vert om lag 230m kortare veg for gåande og syklande enn å bruke løysinga om køyrebrua. I vanleg gangtempo (5 km/timen) vil det sei litt under 3 minutt innsparatid, med sykling er tidsforskjellen mindre. Det er mange andre stader i sentrum som manglar tilbod for gåande og syklande. Sidan det er planlagt ei god løysing for gåande og syklande på ny køyrebru, vert ikkje denne prioritert høgare.



Elvekanten ved Førdehuset mot Angedalen

På Vie er det forslag om utbetring av krysset ved Viebrua, vegen som går til Vieåsen og vidare inn på Vie. Det er gode intensjonar, men samanlikna med ein del av dei andre forslaga får denne låg prioritering.

Utfyllande skildringar og vurderingar finn de vedlagt i notatet; Bruk av 100 mill. potten Førdepakken.

Etter ei samla vurdering rår kommunedirektøren til denne prioriteringa:

Prioriterte forslag		
Prioritering	Forslag	Namn på forslag
1	B	Nye vegløysingar på Ytre Øyrane
2	J	Gang- sykkelveg frå Hafstadparken til Hafstad vgs. langs Jølstra
3	K	Fortau Kyrkjevegen frå Hornnesvegen til Langebruvegen
4	Q	Mindre tiltak og møblering i Førde sentrum
5	P	Torg nord og sør for bru Naustøyna - ekstra tilrettelegging
6	I	Fv. 5684 Fortau langs Tefrevegen
7	D	Parkeringshus/-kjellar
8	L	Øyrane vgs til Firda billag (tiltak 16 FP) gang- og sykkelløysing over kulverten
9	R	Rv.5 Naustdalsvegen - Storehagen bru til Klettatunnelen, oppgradering til sykkelveg med fortau, austsida
10	A	Rv.5 Gang/sykkelbru vestsida ved Storehagen bru
11	S	Rv. 5 gang- og sykkelløysing frå Storehagen bru til rundkj. Øyrane vgs, vestsida
12	E	Fv. 601 gang- og sykkelbru frå Førdehuset til Hafstadparken
13	C	Fv.600 nytt kryss til Vievegen ved Viabrua
Uprioriterte forslag		
	F	Gang og sykkelbru til Halbrendsøyra og sti langs Jølstra
	G	Fv. 601 innløysing bensinstasjon i Storehagen
	H	Utanfor rådhus
	M	E39 gang- og sykkelveg Halbrend - Slåttebakkane

	N	Hundvebakkegjelet - sikring av syklande og gåande fram til Kyrkjevegen
	O	Gang- og sykkelveg frå Høgskulen til Angedalsvegen langs sørsida av Anga med bru over.
	T	Flytte gangfelt i Liavegen i nærleiken av krysset med E39 mm

Førde, den 21.01.2020

Ole John Østenstad
kommunedirektør

Odd Harry Strømsli
leiari areal og byggessak